

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr	20172657
Oppdragsnr	2017052

Matrikkeletat				
Kommune Meland kommune	K.nr 1256	Adresse PB. 79	Postnr 5906	Poststad Frekhaug

Matrikkeleining				
Gateadresse Ryland 72	Gnr 43	Bnr 4	Fnr 0	Snr 0 Registrert eigar/festar Danielsen Einar (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga				
Forretninga avvikla:	Dato 29.01.2018	KI 09.30	Stad Frammøte i tunet på gnr 43 bnr 4, Ryland 77	
Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining				
<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrunn	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon	
Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn				
<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			
Forklaring Klarlegging av eksisterande grenser for gnr 43 bnr 4 sin teig på sør-austsida av fylkesvegen til Eikeland.				
Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering	
Rekvirent Danielsen Einar Sandland Holding AS			Rekvisisjonsdato 18.10.2017	

Habilitet				
Landmålaren sitt namn Per Atle Sæle				
<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet. <input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)				

Varsling og oppmøte				
Varselet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsle, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfestaa sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).				
Ev. merknader til varslinga				

Saksdokument - bakgrunn for forretninga				
	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				<input checked="" type="checkbox"/>
Vedtak (tillatelse) etter pbl				<input checked="" type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				<input checked="" type="checkbox"/>
Varsel om oppmålingsforretning				<input checked="" type="checkbox"/>
Situasjonskart og situasjonsplan				<input checked="" type="checkbox"/>
Konsesjonsdokument				<input checked="" type="checkbox"/>
Servitutt				<input checked="" type="checkbox"/>
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				<input checked="" type="checkbox"/>
Avtaler				<input checked="" type="checkbox"/>

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtalar, skilsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skilsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
4-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
4-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			
4-3	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
4-4	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
4-5	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
4-6	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
4-7	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
4-8	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
4-9	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			
4-10	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Grensepunkt kontrollert			
26-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
26-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i:	Eksist. grense nedsatt på nytt			
26-3	Stein med kors og vitner Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
26-4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i:	Eksist. grense nedsatt på nytt			
77-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Eksist. grense nedsatt på nytt			
77-2	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
77-3	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
77-4	Umerket Nedsatt i:				
77-5	Stein med kors og vitner Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
56-1A	Asfaltspiker Nedsatt i:	Eksist. grense nedsatt på nytt			
56-2	Annен detalj Nedsatt i:				
4-20B	Umerket Nedsatt i:				
4-21B	Umerket Nedsatt i:				

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtalar, skilsdom, påstandar frå partane m.m.					
Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skilsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
4-22B	Umerket Nedsatt i:				
4-26B	Umerket Nedsatt i:				
4-29B	Umerket Nedsatt i:				
4-30B	Umerket Nedsatt i:				
57-1	Nedsatt i:				
57-2	Nedsatt i:				
57-3	Nedsatt i:				
57-4	Nedsatt i:				

Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Sandland Holding AS har 18.10.2017 på vegne av eigar av gnr 43 bnr 4 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging av eksisterande grenser for 43/4 på sør-austsida av fylkesvegen til Eikeland.

Oppmålingsforretning vart halde 29.01.2018. Ved forretninga møtte Einar Danielsen for 43/4 og 43/80, Ragnar Berg-Hansen for 43/26, Gunvor og Thorstein Lien for 42/7. Gunvor Lien representerte også dødsbuet etter Kjellaug og Anfinn Haukeland, gnr 43 bnr 77. Arthur og Gry Tyssedal møtte for 43/56 i samband med klarlegging av grensa mellom 43/4 og 43/56 langs vegen.

Eigar av 43/1, 43/15, 42/6, 43/57, 43/61, 43/122, 43/127, 43/132, 43/135 var også varsle, men møtte ikkje.

Frå Meland kommune møtte Anngunn Gullbrå og Per Atle Sæle.

Statens vegvesen v/Vigdis Tveit har kommentert varselet på epost. Ho skriv mellom anna: "Vi finn at oppmålt grense langs vegen i nordvestre hjørnet av parsellen stemmer med våre oppgjerskart. For resten av strekninga langs Fv248 skal bygging og avlevering etter veglova av 1912 leggjast til grunn, ergo 1,5 meter frå ytre vegskulder."

Grensene til 43/26 vart først gått opp. Kross i fjell i nordre hjørne vart leita fram, grensepunkt 26-1, vidare vart merkestein i søndre hjørne funne, grensepunkt 26-3. I austre og vestre hjørne var partane samde om å setja ned nye grensemerker på utsida av gjerdestolpe, grensepunkt 26-2 og 26-4.

Grensa mot 43/77: Gamle gjerdestolpar av jern vart påvist. Merkestein i nordaustre hjørne til 43/77 vart også funne, grensepunkt 77-5. Det vart avtalt å setja ned nytt grensemerke i 43/77 sitt sør-austre hjørne i grensa mot 43/4, grensepunkt 77-1.

Det vart konstatert at grensa til 43/132 ikkje grensar til 43/4 på området som ligg nord for 43/77. Her har kommunen retta matrikkelkartet og lagt inn 43/1 som eigar av korridoren som er omlag 20m lang og 3m brei. I matrikkelkartet viser den sørlege grensa til 43/78 at den går på sørsida av den gamle Rylandsvegen i grensa mot 43/132. Dette meiner kommunen er feil og at det er 43/1 som eig grunnen under den gamle Rylandsvegen på denne strekninga. Grensa mellom 43/1 og 43/78 er ikkje retta ved denne forretninga, men kan rettast opp seinare dersom partane er samde om det.

Grensa mot 43/56 og 43/78: Kross i fjell i grensa mellom 43/56, 43/78 og 43/50 vart påvist. Det vart målt 21m langs terrenget frå denne krossen til vegen. Her står også gamle jernstolpar i grenselina. Det vart sett ned astfaltspikar i vegkanten, grensepunkt 56-1. Vidare vart det målt 50m langs vegen til grensa mot 43/80. Her kom vi litt forbi den oppførte muren.

Kommunen har i etterkant av forretninga stukke ut grensa mellom 43/122 (målebrev) og 43/80 og påvist den for Einar Danielsen. I følgje skyldskiftet til 43/80 skal den søndre grenselina til 43/80 (langs vegen) vera 65m. Ved utstikking av grensene til 43/122 vart det også målt 65m langs vegen mot 43/56 si grense. Det vart spraya eit merke, grensepunkt 56-2. Ved innmåling syner det seg at dette grensepunktet ligg 49,40m frå asfaltspikar, grensepunkt 56-1A. I skyldskiftet for 43/56 står det at det skal vera 50m. Einar Danielsen har 09.03.2018 godteke at grensepunkt 56-1A vert flytta 0,60m lenger mot aust, slik at lengda på grensa til 43/56 vert 50m.

Grensene mot 43/57 vart ikkje gått opp pga at eigar av 43/57 ikkje var tilstades. 09.03.2018 var det møte der Arne Maurstad og Einar Danielsen var tilstades saman med Anngunn Gullbrå og Per Atle Sæle. Her vart grensene for 43/57 merka på nytt med utgangspunkt i oppsett gjerde og skylddelingsmål.

Grensa mot fylkesvegen: Einar Danielsen var samd i at grensa til 43/4 kunne gå 1,5 m frå "ytre vegskulder" på strekninga som ikkje var målt tidlegare. Kommunen har målt inn søndre asfaltkant på den aktuelle strekninga og definert "ytre vegskulder" til å gå omlag 0,5m ut frå asfaltkanten. Eigedomsgrensa er rekna til å gå omlag 2m ut frå asfaltkanten. Det er ikkje sett ned grensemerker i kurvepunktata.

Grensa til 43/4 mot Eikeland er skildra i utsiktninga for Eikeland frå 1918.

Grensa mot 42/7: Thorstein Lien var saman med Einar Danielsen med på å gå opp denne grenselina. Grensemerke i vegkant ved gjerdestolpe vart påvist, grensepunkt 4-10. Grensa går herifrå i rett line 152,4m i søraustleg retning til nytt grensemerke i fjell på Høgenipa, grensepunkt 4-9. Vidare litt meir austleg 82,7m til gamal kross i fjell, grensepunkt 4-8 i grensa mot 42/6.

Grensa mot 42/6 går frå påvist kross i fjell, grensepunkt 4-8 i søraustleg retning 29m til gamal kross i fjell, grensepunkt 4-7 og vidare i same retning 15m til gamal kross i fjell, grensepunkt 4-6 i grensa mot 43/15.

Grensa mellom 43/4, 43/15 og 43/1 er skildra som 3. og 4. skiftelinje i utsiktninga for Ryland frå 1922.

Grensa mot 43/15 går frå påvist kross i fjell, grensepunkt 4-6 først 3,8m i nordaustleg retning til gamal kross i fjell, vidare i omlag same retning 54,46m til gamal kross i fjell, grensepunkt 4-4. Herifrå i omlag same retning først 74,8m til gamal kross i fjell, grensepunkt 4-3, så 155m til gamal avknekta gjerdestolpe i fjell i grensa mot 43/1, grensepunkt 4-2.

Grensa mot 43/1 går frå avknekta gjerdestolpe, grensepunkt 4-2 litt meir mot nordleg retning og går 181,2m til gamal kross i fjell i grensa mot 43/61, grensepunkt 4-1.

Grensa mot 43/61 går frå påvist kross i fjell, grensepunkt 4-1, i nordvestleg retning 55,6m til tidlegare målt grensepunkt i grensa mot 43/135.

Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar


Grensa til 43/4 føl her den søndre grensa til 43/135, vidare den austre og søndre grensa til 43/122.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og Leica 1205+ totalstasjon. Målingane tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Kommunen har skrive ut nytt matrikkelbrev for teigen til 43/4 sør-vest for fylkesvegen til Eikeland. Arealet er oppmålt til 138 107,2 m².

Det er vidare skrive ut nye matrikkelbrev for 43/26, 56, 57,77 og 80 som vert sendt dei enkelte eigarane.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted	Dato	Underskrift
Frekhaug	12.03.2018	

Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/resekjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			